

Referat styremøte Hordaland Sau og Geit

Stad: Nortura Eidsvåg, måndag 9. mars.

Desse møtte: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Arnt Bakke, Knut Sygnestveit og Kjetil Rødland. Fyrste vara Olav H. Bringedal hadde meldt forfall.

Sakliste:

Sak 30/15 Godkjenning av innkalling
Vedtak: Godkjent

Sak 31/5 Godkjenning av referat frå 20.02.15.
Vedlegg.- Referat frå styremøtet 20.02.15.
Vedtak: Godkjent

Sak 32/15 Orienteringsaker:
Saueprosjektet Ny Giv. Reidar Kallestad:
Reidar Kallestad: Planlegger møter til hausten med fokus på delprosjekta i Ny Giv. Mange gode tilbakemeldingar på møta som har blitt haldne på Stord og Knarvik.
Planlegginga av fjelldag på Hardangervidda 16. august går etter planen.

Landsmøtet NSG 18-19. mars 2015 v/ Nils Inge Hitland:

Nils Inge, årsmøte NSG: Alle fem som blei valt til utsending til landsmøte i NSG reiser. Bilettar er bestilt.

Det føreligger innstilling frå styret i NSG på forslag til endring i lagslovane.

Ein del av punkta som HSG føreslår er tatt til følgje. Punkt med innkalling til årsmøte i lokallaga via e- post eller sms er ikkje tatt til følgje. HSG tar dette opp i debatten på Landsmøte.

Styret i HSG vurder kor vidt dei skal ta opp att saka om Landsmøte kvart år slik som HSG føreslo i uttalesen. Nils Inge vurderer dette på Rep. møte før Landsmøte.

Kontingent til NSG blir differensiert på under 50 sauer og over 50 sauer som i dag. Det var forslag i Årsmøte i HSG at ein burde bruka 25 sauer som skile. HSG tar ikkje dette oppatt.

Forslag på at ein kan gå ned til 25 medlemmer pr. utsending til Årsmøte i Fylkeslaga. Blir dette resultatet må HSG ta stilling til dette på neste Årsmøte.

Valnemnda i NSG: Er ei rullering mellom Fylkeslaga

Rogaland/Hordaland/Sogn&Fjordane har rullering på deltagelse i valnemnda i NSG. Plassen som varamedlem i Valnemnda er nå ledig

og Hordaland står for tur. Nils Inge skal føreslå Reidar Kallestad under val i Årsmøte i NSG

Apotekavtale. Nils Inge Hitland:

Nils Inge tok opp apotekavtalen, ut frå spørsmål i Årsmøte. For vedtak sjå sak 33/13

- Sak 33/13 Evaluering av årsmøtet 2015.
Vedlegg: Referat frå årsmøtet
Nils Inge hadde gjennomgang av årsmøte i HSG. Styret er svært godt fornøgde med aktive lokallag under Årsmøte. Hotell, mat og opphald... svært bra.
- Saker som kom opp på Årsmøte:
Apotekavtalen:
Vedtak: Det kom spørsmål om apotekavtalen med Appotek1. Kjetil Rødland tek denne opp til revisjon med Appotek1 og går og til Apotek Vitus og arbeider for avtale med denne apotekkjeda.
- Kontakt med Austevoll: Kom opp under Årsmøte til HSG at ein må ta kontakt med Austevoll og vurderer om ein kan skipa eit lokallag i Sau og Geit.
- Sak 34/13 Invitasjon til årsmøta i Hordaland Bondelag og Hordaland Bonde og Småbrukarlag.
Vedtak: Reidar Kallestad reiser på Årsmøte til HB i Norheimsund 13. & 14. mars
Kjetil Rødland reiser på Årsmøte til HBS på Voss 14. & 15. mars.
- Sak 35/13 Ymse:
HSG er med i prosjektet hos Fylkesmannen, "Landskap i Drift. Her er Arnt Bakke HSG sin representant med Knut Sygnestveit som vara.
- Agro Hordaland:** Agro Hordaland er planlagt 7. & 8. november 2015. Det er for seint for HSG og kombinera Agro Hordaland med Leiarsamlinga. HSG ser etter andre datoar for leiarsamlinga og arbeider for ein fagdel for småfe til Agro Hordaland.
- HSG ser på dette med "synleggjøring" av faglaget ute i møter. Ut frå dette vil HSG kjøpe inn "Seil" og for og ha med på møter/stend for og synleggjera laget. Karluf ser på denne saka til neste styremøte.
- Søknad til NSG på 6 årsmøteutsendingar til Landsmøte blei avslått. Dermed stiller HSG med 5 utsendingar.

Sak som skal opp på neste styremøte er val av råd og utval i HSG.
Ber lokallag som har forslag, sendast til sekretær innan 11. mai adr.:
karluf.hakull@nortura.no

Neste styremøte i HSG er 21. mai.

Karluf Håkull
Sek.